






Situasjonskartet i sak 1981/1147 viser at bustadene på gbnr 185/179 og på gbnr 185/202 er plassert innanfor byggjegrensa. Situasjonskart med regulert byggjegrensa, datert 26.03.2018, viser avvik frå opprinneleg situasjonskart.

Situasjonskart, frå sak 1981/1147 – gbnr 185/179



Situasjonskart med byggjegrensa, datert 26.03.2018



#### Vurdering av søknadsplikt for oppført veranda:

1. Tilbygg på gbnr 185/202 kjem i strid med regulert byggjegrensa. Det må søkjast dispensasjon frå regulert byggjegrensa, jf. reguleringsplan for Felt H Knarvik, arealplankart, og pbl. § 1-6, sjå vedlagte dispensasjons veileder. Dispensasjon krev ein grunngeven søknad.
2. Tilbygg i form av veranda og som er utan rom for varig opphald og er minst 4 meter frå nabogrensa, er fritatt for søknadsplikt, jf. byggesaksforskriften (SAK) § 4-1 bokstav b) og plan- og bygningslova (pbl.) § 29-4. Dykkar veranda på 11m<sup>2</sup> som er plassert 2,3m frå nabogrensa kommer i strid med 4 meters regelen mot nabogrensa for tilbygg og er difor søknadspliktig, sjå veiledning <https://www.lindas.kommune.no/terrasse-platting-veranda-balkong.429591.nn.html>

#### Krav til søknad for oppføring av veranda

Søknadene om dispensasjon og søknaden om løyve til tiltak skal nabovarslas, sjå <https://dibk.no/saksbehandling/byggsok/Byggesaksblanketter/> Blankett 5154 skal leverast til nabo/gjenbuarar som vert varsla. Blankett 5155 - gjenpart av nabovarsel - skal leverast til kommunen. Blankett 5156 – kvittering for nabovarsling – skal leverast kommunen. Dei kan sendast rekommandert eller kvitteras ved personleg oppmøte. Merk at naboar/gjenbuarar har 14-dager til å kome med evt. merknadar.

Søknadene om dispensasjon og søknaden om løyve til tiltak krev målsatt situasjonsplan med innteikna tiltak som viser avstand til nabogrenser, evt. midten av kommunal veg samt avstand til andre bygningar samt avstand til sjø, sjå vedlagte situasjonskart som **skal nyttast.**

Søknadene om dispensasjon og søknaden om løyve til tiltak, må illustrerast med målsette teikningar, sjå vedlagte teikning veileder.

Vi minner på at teikningar og situasjonskart ikkje målsettast frå taksjegg, men frå husvegg.

Søknadsskjema finn du på [www.dibk.no](http://www.dibk.no), sjå skjema 5153. Dersom naboliste ønskast tilsendt, så ta kontakt.

Du kan sende inn søknad om dispensasjon og byggjesøknad samtidig om du ønskjer det. Du kan be oss om å avvente handsaming av byggjesaka dersom det ikkje vert gjeve dispensasjon for å unngå gebyr for byggjesaka.

Kommunen ber om at søknad vert sendt inn **innan 15.08.2018**. Dersom søknad ikkje er mottatt innan fristen kan saks følgjast opp vidare etter reglane i plan- og bygningslova kap. 32.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Dispensasjon - veileder

Situasjonskart med byggjegrænse - gbnr 185\_202

Tegninger - Hva kreves

**Kopi til:**

Emil Gundersen	Litlevika 24	5914	ISDALSTØ
Herleif Kvamme	Litlevika 26	5914	ISDALSTØ
Herleif Kvamme	Litlevika 26	5914	ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Emil Gundersen	Litlevika 24	5914	ISDALSTØ
----------------	--------------	------	----------